

Kunnskapsdepartementet

Vår dato: 23.07.2009
Vår ref: 2009/1442 - 9724/2009 / A10
Dykkar ref:

Uttale til høringsnotat om rett til plass i barnehage for barn av asylsøkjere

Stord kommune har lang erfaring med asylmottak og barnehage tilbudet som mottaket på Stord driv. Kommunen har og erfaring med at barn til asylsøkjere har plass i ordinære kommunale eller private barnehager der asylmottaket kjøper plassar.

Stord kommune v/ rådmannen ser positivt på forslaget om endring av barnehagelova om rett til plass i barnehage for barn av asylsøkjere som oppheld seg her medan asylsøknaden vert handsama. Kommunen v/ rådmannen er samd i at retten må gjelda på same måte som for andre barn, dvs. at det er søkt om plass innan fristen for hovudopptaket.

Vår erfaring er at dei barna som bur på mottaket og som har fått plass i barnehager utanfor mottaket, har vel så stor utbytte av barnehage tilbudet enn dei som vert verande i mottaket sin barnehage. Dette gjeld både i høve til utvikling av det norske språket, og i høve til å verta inkludert i det norske fellesskapet.

Mange av barna bur lenge på asylmottaket, og då vert barnehageplass i barnehage utanfor mottaket svært viktig.

For at asylsøkerforeldre skal kunna ta imot plass i barnehage, og som er svært viktig at dei gjer, er det avgjerande korleis foreldrebetalinga vert løyst. Utan ei skikkeleg ordning for dette, vil ein rett til barnehageplass ha liten eller ingen verdi.

I samband med denne høyringa, vil me nytta høve til å nemna at fleire av desse barna har store vanskar i høve til opplevingar dei har hatt, og som gjer seg utslag i utagerande og ofte farleg åtferd ovanfor dei andre barna. Det krev ekstra ressursar frå barnehagane si side for å følgja opp og leggja til rette for tryggleik, trivsel og utvikling. Her meiner me det i budsjettsamanheng bør vurderast ekstra midlar, som td. liknande ressursar som vert gjeve til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne.

Stord kommune v/ rådmannen meiner det er svært viktig at dei økonomiske og administrative konsekvensane for kommunane er avklart før ein individuell rett til plass for asylsøkerbarn vert innført.

Høringsnotatet er ikkje blitt førelagt politisk eller underordna organ på grunn av ferietid/planlagde møter og uttalefrist.

Med helsing

Reidun Myklebust
Fung. rådmann

Sonja Sangolt
Barnehagekonsulent

